

HØYRINGSSVAR

Vegvag for framtidig kyrkjeordning

Høyring februar - mai 2015

Opplysningar om høyringsinstansen:

Namn på kyrkjelyd: Fjell sokn

Adresse: Postboks 183, 5342 Straume

Kontaktperson: Annlaug Børve

Høyringsspørsmåla:

1 Bør det gjerast endringar i fordelinga av oppgåver og mynde mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall kva for og kvifor?

Svar: Ja.

Soknet har tradisjonelt hatt betydeleg sjølvstyre over eiga verksemd, og dette sjølvstyret bør styrkast ytterlegare. Dette medfører at oppgåver som i dag er lagt på regionalt nivå bør overførast til lokalt nivå.

Arbeidsgjevaransvaret bør overførast frå bispedømerådet til kyrkjeleg fellesråd. Ein oppnår med dette felles arbeidsgjevaransvar for alle kyrkjeleg tilsette, og ein sikrar at overordna visjonar og mål vert tilpassa dei utfordringane og ressursane som ein har lokalt.

Ansvar for gudstenestelivet bør tydeleg leggast til sokneråda. Med dette legg ein til rette for auka medverknad for frivillig deltaking og tverrfagleg samarbeid blant dei kyrkjeleg tilsette.

Ansvar for godkjenning av endringar på kyrkjebygg, inventar og utstyr kan flyttast til lokalt nivå, med unntak av irreversible endringar, som kan avgjerast på nasjonalt nivå.

Ansvar for infrastruktur, mellom anna IKT-system, tekniske løysingar for HMS-system, arkivsystem og rekneskapssystem bør liggje på nasjonalt nivå. På denne måten kan ein oppnå eit felles system for heile kyrkja.

Ansvar for å fordele tilskot til sokna bør liggje på nasjonalt nivå.

2 Deler høyringsinstansen Kyrkerådet si vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre ei brei folkekyrkje?

Svar: Ja.

Vi meiner det er viktig med lokal forankring også når det kjem til økonomi. Kyrkja er ein integrert del av lokalsamfunnet, og vår oppfatning er at det vil vere lettare for kommunepolitikarar å løyve midlar til kyrkja lokalt enn til eit regionalt nivå.

Kommunal løyving til kyrkjene er også eit viktig argument for at arbeidsgjevaransvaret for kyrkjeleg tilsette må liggje på lokalt nivå.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kyrkja fell bort, kva ordning vil høyringsinstansen gå inn for? Grunnge synspunktet.

Svar: Dersom dagens finansieringsordning vert modifisert, heller vi meir mot ei livssynsavgift enn ei medlemsavgift. Dette for å likestille bidraget til alle trus- og livssynssamfunn, og dermed sikre økonomisk underhald for alle. Ei medlemsavgift vil kunne føre til at mange melder seg ut, men samtidig vil gjere bruk av tenester knytt til kyrkjeleg verksemd.

4 Korleis kan kyrkjestrutturen forenklast for at knappe ressursar kan bli rasjonelt utnytta?

Svar: Prostinivået kan utgå, bispedømerådet kan leggest ned og felles arbeidsgjevarlinje på lokalt nivå kan opprettast.

Med den annonserte kommunereforma med samanslåing til større kommunar, vil kyrkjeleg fellestråd vere rusta til å ivareta ansvar som i dag ligg på bispedømenivå. Forenklinga fører til sterkare grad av lokal styring.

5 Har høyringsinstansen synspunkt på kriteriene for soknestorleik og sokneinndeling i ei framtidig kyrkjeordning?

Svar: Den norske kyrkja treng sokn med eit aktivt kyrkjelydsarbeid. Til dette krevjast eit minimum av medlemmer, for mellom anna å fylle ulike funksjonar. Vi meiner det finst ei grense for kor lite eit sokn kan vere, utan av vi vil talfeste ei nedre grense.

6 Bør ordninga med to organ for soknet (sokneråd og fellestråd) vidareførast?

Svar: Ja. Ordninga med to organ for soknet har vist seg å fungere godt, ved at ein får ei arbeidsdeling mellom dei to organa. Medlemmer som i størst grad ønskjer å arbeide med kyrkjelydsrelaterte oppgåver får høve til dette i sokneråda, og det er ikkje behov for at alle tek del i oppgåvene som er tillagt fellestrådet.

7 Dersom ordninga vert vidareført: På kva nivå bør fellesorgan for fleire sokn ligge (kommunenivå eller anna nivå, t.d. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar: Det bør liggje så nært sokna som mogeleg, med andre ord på kommunalt nivå.

8 Dersom ordninga vert vidareført: Bør det gjerast endringar i oppgåvefordelinga mellom sokneråd og fellesråd?

Svar: Oppgåvefordelinga mellom sokne- og fellesråd har fungert godt, og bør vidareførast.

9 Bør all verksemd i soknet underleggast styrings- og leiingsansvaret til soknet sine organ?

Svar: Styring og leiing i kyrkja bør ikkje vere todelt, og all verksemd i soknet bør underleggast styrings- og leiingsansvaret til soknet sine organ. Ei deling av styrings- og leiingsansvaret vil vere meir ressurskrevjande, og vil gjere felles lokalt planarbeid og eit heilskapleg strategisk leiarskap vanskeleg.

10 Korleis bør dagleg leiing for verksemda i soknet organiserast?

Svar: Eit svakt punkt i høyringsnotat er at det ikkje er definert kva «dagleg leiing for verksemda i soknet» skal innebere. Vi meiner at det er difor også er vanskeleg for høyringsinstansane å gje gode svar på dette spørsmålet.

Av høyringsnotatet går det fram at eit viktig spørsmål er om soknepresten bør vere dagleg leiar for sokna eller ikkje. Dette meiner vi vil vere ei uheldig løysing. Vi meiner at det er behov for at prestane bruker sin kapasitet til å fylle sine oppgåver som prest. Vidare ser vi det som problematisk dersom sokneprest skal sitje i rolla som dagleg leiar, og samstundes sitje som medlem i soknerådet, den eine rolla må utelukke den andre.

Leiing er eit eige fagfelt, og bør utøvast av medarbeidarar som har dei naudsynte kvalifikasjonane til å fylle denne rolla. Det bør fastsetjast kompetansekrav til dagleg leiar, og det bør i kyrkjeordninga presiserast kva oppgåver som vert tillagt hhv fagstillingar og dagleg leiing.

11 Kva rolle bør biskopen ha i ei framtidig kyrkjeordning?

Svar: Fjell sokneråd meiner at § 1 i tenesteordning for biskopar på ein god måte skildrar det som bør vere e i ei framtidig kyrkjeordning:

«Biskopen skal gjennom forkynnelse og sakramentforvaltning ta vare på den apostoliske lære etter Guds ord og vår kirkes bekjennelse, fremme og bevare enheten i Guds kirke og rettlede og oppmuntre bispedømmets menigheter, kirkelig tilsatte og øvrige medarbeidere. For å ivareta dette tilsynsansvar kan biskopen gi råd og veiledning, og også gi bindende pålegg vedrørende presters og andre kirkelig tilsattes tjenesteutøvelse.

Biskopen ser til at prestene forvalter sakramentene, forkynner og selv lever i overensstemmelse med den kristne tro, slik den er uttrykt i vår kirkes bekjennelse og ordninger, og at også andre som er vigslet til tjeneste i kirken virker og lever i samsvar med vigslingens formaning og løfte.

Biskopen fører tilsyn med at de kirkelige råd i bispedømmet utfører sitt arbeid i lojalitet med den evangelisk-lutherske lære.»

Sentralt i dette er biskopen sitt tilsynsansvar. Dette meiner vi bør styrkast i framtidig kyrkjeordning ved at biskopen ikkje lenger skal ha rolla som arbeidsgjevar. Vi meiner dette styrkar biskopen si rolle som ein åndeleg leiars med fokus på kyrkja si liv og vekst.

12 Kva verkemiddel bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på ein god måte?

Svar: Biskopen bør ha eit klart mandat som gjer det mogeleg å gripe inn i forhold til kyrkjelydar, kyrkjelege medarbeidarar og øvrige medarbeidarar. Biskopen må gjevast mynde til å gje bindande pålegg som arbeidsgjevar må forhalde seg til.

Ved at biskopen ikkje har arbeidsgjevaransvar vil han oppnå større integritet i høve til fritt å utøve sin tilsynsfunksjon, utan dei bindingar som eit arbeidsgjevaransvar gjev.

13 Korleis bør biskopar utpeikast i ei framtidig kyrkjeordning?

Svar: Biskopar bør utpeikast gjennom ei valordning med ein nominasjonsprosess, der det bispedømet som skal få ny biskop får reell påverknad på kva biskop som vert utnemnd.

14 Bør bispedømmerrådet oppretthaldast som rådsorgan på bispedømmenivå, og kva skal i så fall vere bispedømmerrådet si rolle i kyrkjestrukturen?

Svar: Nei, bispedømmerrådet bør nedleggast. Oppgåvene bør fordelast mellom lokalt og nasjonalt nivå.

15 Kva oppgåver bør i så fall leggjast til bispedømmerrådet?

Svar: Ingen.

16 Bør alle tilsette ha den same arbeidsgjevaren og kva organ bør dette i så fall vere?

Svar: Ja.

Kyrkjeleg tilsette bør ha felles arbeidsgjevar, og arbeidsgjevaransvar bør leggjast til kyrkjeleg fellesråd.

Felles arbeidsgjevarlinje sikrar at alle medarbeidarar arbeider etter dei same visjon og mål. Arbeidsgjevar vil ha oversikt over alle tilsette sine arbeidsoppgåver og kapasitet, noko som kan bidra til å forenkle arbeidsfordelinga og senke konfliktnivået mellom tilsette. Det vil vere lettare å få til tverrfagleg samarbeid mellom prestar og andre faggrupper.

Arbeidsgjevaransvaret bør leggjast til kyrkjeleg fellesråd, først og fremst fordi dette er det mest hensiktsmessig nivået for ei styrking av sokna. Arbeidsgjevaransvaret, med rett til å styre og fordele arbeidet, er ein vesentleg faktor for utøving av legitim makt, som bør liggje på lokalt nivå.

Dersom arbeidsgjevaransvaret skulle leggjast til regionalt nivå, ville dette føre til behov for omfattande delegasjonar. Utfordringa med dette ligg mellom anna i faren for pulverisering av ansvar. Som ei motvekt ville det vere behov for ei klår styring som ville måtte vore forankra sentralt. Slik Fjell sokneråd ser det er det i staden ønskjeleg med ei sterk og sjølvstendig lokal styring.

Ved ei sentral styring vil ein lokalt ha lite påverking på ressursfordeling, og ein vil måtte forhalde seg til at resursar vert trekt inn.

17 I kva grad bør arbeidsgjevarfunksjonar fordelast på dei ulike organ? (Biskopen vert i denne samanhengen rekna som eit organ).

Svar: Arbeidsgjevarfunksjonar bør ikkje delast på dei ulike organa.

18 I kva grad bør det opnast opp for lokale og regionale variasjonar i organiseringa av arbeidsgjevaransvaret?

Svar: Det bør ikkje opnast for å oppretthalde forskjellige arbeidsgjevarlinjer. Der det er ønskjeleg, kan det opnast for eit samarbeid mellom fleire fellestråd. I fellestrådsområde som omfattar svært mange sokn, kan ein vurdere å opne for ei deling av fellestrådet, til dømes i storbyar.

19 Korleis bør ein på best mogeleg måte ivareta særpreget til prestetenesta og andre vigsla tjenester?

Svar: Fjell sokneråd meiner at spørsmålet føreset ein grundig gjennomgang av vigslingsordninga. Slik det er i dag, er det ikkje gitt at stillingar der ein krev vigsling har eit særpreg i høve til stillingar der ein ikkje krev vigsling. Mange stader er det til dømes tilsett kyrkjelydspedagogar utan krav om vigsling som utfører same arbeidsoppgåver som andre stader vert utført av kateket, der det er stilt krav om vigsling.

Vi meiner at særpreget til alle kyrkjelege stillingar bør ivaretakast gjennom utdanninga av kyrkjelege medarbeidarar, og gjennom fagleg og åndeleg fellesskap.

20 Har høringsinstansen synspunkt på Kyrkjemøtet si rolle i kyrkja?

Svar: Kyrkjemøtet bør vere Den norske kyrkja sitt øvste organ, og ha tilnærma dei same oppgåvene som i dag, sjå likevel svar på spørsmål 1.

21 Har høringsinstansen synspunkt på korleis Kyrkjemøtet skal setjast saman?

Svar:

Kyrkjemøtet bør vere sett saman av representantar frå sokneråda.

Kyrkjeleg tilsette må vere representert med alle faggrupper på lik linje.

Samisk representasjon og representasjon frå døvekyrkjelydane må ivaretakast.

Det er ønskjeleg med ei vidareføring av minst 40% representasjon av kvart kjønn og 20 % ungdomsrepresentasjon.

22 Har høringsinstansen synspunkt på Bispemøtet sine oppgåver og rolle i kyrkjeordninga, og under dette forholdet til Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet?

Bispemøtet sine oppgåver kan vidareførast som i dag, bortsett for forvaltingsoppgåver knytt til biskopane sitt arbeidsgjevaransvar.

23 Har høringsinstansen synspunkt på spørsmålet om leiing av biskopane?

Svar: Det kan biskopane sjølv avgjere.

24 Har høringsinstansen synspunkt på Kyrkjerådet sin funksjon og samansetning?

Svar: Fjell sokneråd meiner at fleire oppgåver enn i dag bør ivaretakast på nasjonalt nivå, jf spørsmål 1. Som følgje av dette bør kyrkjerådet sitt sekretariat styrkast.

Kyrkjerådet treng breiare representasjon av kyrkjeleg tilsette enn det som er tilfelle i dag. I staden for 4 prestar og preses, bør kyrkjerådet sin representasjon av tilsette omfatte ein biskop (preses), ein diakon, ein kateket, ein kantor, ein prest og ei kyrkjeverje. Ein bør behalde antalet ikkje kyrkjeleg tilsette representantar som i dag, og kvart bispedøme bør vere representert. Det er positivt å ha som mål å oppnå 40% representasjon av kvart kjønn og 20% ungdomsrepresentasjon.

25 Bør ordninga med ei eiga lærenemnd vidareførast, og kva funksjon skal ei slik nemnd i så fall ha?

Svar: Det bør vere ei lærenemnd med den samansetjinga og dei oppgåvene lærenemnda har i dag.

26 Har høringsinstansen synspunkt på korleis ansvaret for samisk kyrkjeliv skal ivaretakast i ei framtidig kyrkjeordning?

Svar: Samisk kyrkjeliv må ivaretakast i framtidig kyrkjeordning, men vi er usikre på kva måte dette best kan gjerast. Samisk kyrkjeråd bør ha avgjerande innverknad på dette spørsmålet.

27 Har høringsinstansen synspunkt på korleis ungdomsdemokratiet og Ungdommens kyrkjemøte skal ivaretakast i ei framtidig kyrkjeordning?

Svar: Fjell sokneråd meiner at ordninga med ungdomsdemokrati og ungdomens kyrkjemøte bør kontinuerast. Ungdomsrepresentantane på kyrkjemøtet bør ikkje berre ha tale og forslagsrett, men også stemmerett.